

DET KGL. NORSKE VIDENSKABERS SELSKAB, MUSEET

# rappoort

ZOOLOGISK SERIE 1982-10

Ornitologiske undersøkingar i  
Meisalvassdraget og Grytneselva,  
Nesset kommune, i samband med  
planer om vidare kraftutbygging

John Bjarne Jordal



Universitetet i Trondheim



ORNITOLOGISKE UNDERSØKINGAR I  
MEISALVASSDRAGET OG GRYTNESELVA, NESSET KOMMUNE,  
I SAMBAND MED PLANER OM VIDARE KRAFTUTBYGGING

av

John Bjarne Jordal

Universitetet i Trondheim  
Det Kgl. Norske Videnskabers Selskab, Museet  
Trondheim, desember 1982

ISBN 82-7126-329-3

ISSN 0332-8538

## REFERAT

Jordal, John Bjarne 1982. Ornitologiske undersøkingar i Meisalvassdraget og Grytneselva, Nesset kommune, i samband med planer om vidare kraftutbygging. *K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapport Zool. Ser. 1982-10.*

Meisalvassdraget i Nesset kommune, Møre og Romsdal, er tidlegare regulert. I samband med planer om vidare kraftutbygging er det utført 7 dagar ornitologisk feltarbeid i tida 13.7.-5.9.1982. Undersøkinga er ikkje fullverdig sidan det ikkje vart utført feltarbeid om våren.

Det er gått ca. 4 timar linjetaksering i skog og ca. 12 timar på snau-fjellet, forutan reint kvalitative registreringar.

Skogområda er så langt resultatet viser nokså ordinære. På eit myrområde ved Kvensetvatnet viste temmincksnipe og vipe åtferd som indikerte hekking. Lappspurv og sandlo vart observert ved Meisalvatnet under forhold som tyda på hekking. 52 fugleartar vart sett under feltarbeidet, i tillegg har vi frå andre fått opplysingar om 23 artar.

Kraftutbyggingsplanene for området vil slik dei er framlagt ha få vesentlege skadeverknader for fuglelivet. Nokre forbehold blir tekne når det gjeld rype, skogsfugl og temmincksnipe.

*John Bjarne Jordal, Boks 107, 6440 Elnesvågen.*



## INNHALD

REFERAT	
INNLEIING .....	7
KORT ORIENTERING OM OMRÅDET .....	8
Landskap, naturgeografi .....	8
Tidlegare naturinngrep .....	12
Kraftutbyggingsplaner .....	12
ORNITOLOGISKE REGISTRERINGAR .....	13
Metodar og materiale .....	13
Resultat .....	13
Kommentarer til artslista .....	17
DISKUSJON OG KONKLUSJONAR .....	19
Kvantitative registreringar .....	19
Kvalitative registreringar .....	19
Vurdering av ulike delfelt .....	20
Vurdering av inngrep ved kraftutbygging .....	21
SAMANDRAG .....	23
LITTERATUR .....	24





## INNLEIING

Etter oppdrag frå Nasset kommunale kraftverk v/Høstmarks Ingeniørkontor A/S, Molde, vart det sommaren 1982 utført ornitologiske befaringar i Meisalvassdraget og Grytneselva i Nasset kommune, Møre og Romsdal.

Viktigaste siktemål med arbeidet har vore å klarleggja i grove trekk samansetnaden av fuglefaunaen i nedbørfeltet, og å avdekkja eventuelle konflikter mellom kraftutbyggingsinteresser og ornitologiske verneinteresser.

Feltarbeidet er utført av John Bjarne Jordal.

Fagleg ansvarleg for undersøkinga har vore Kjetil Bevanger.

Arbeidet er finansiert av Nasset kommunale kraftverk.

## KORT ORIENTERING OM OMRÅDET

Meisalvassdraget drenerer mot nordaust ned i Sunndalsfjorden, medan Grytneselva renn motsett veg ned i Eidsfjorden, ei arm av Romsdalsfjorden. Heile det aktuelle området ligg i Nesset kommune, men deler av det grensar mot Sunndal kommune.

Dei undersøkte områda er vist på figur 1. Av praktiske omsyn nyttar vi same inndeling i delfelt som Høstmarks Ingeniørkontor:

Felt 1	Meisalvatn	ca. 7,4 km <sup>2</sup>
" 2	Fredsvikelv - overført del	" 2,0 "
" 3	Grytneselv - evt. overført del	" 4,5 "
" 4	Meisalelva - vidare til noverande kraftstasjon	" 2,6 "
" 5	Grytneselva - vidare ned til 200 m o.h.	" 3,4 "

### Landskap, naturgeografi

Høgste punktet i nedbørfeltet er 1306 m o.h. på fjellrekka inn mot Åbittind og Trolltind, men mesteparten ligg under 800 m o.h. Meisalvatnet, Kvensetvatnet og Jøtulvatnet ligg på eit platå vel 600 m o.h. (jfr. fig. 2).


Mesteparten av området består av sure, harde bergartar med eit tynt morenedekke.

Klimaet er nokså kystprega.


Naturgeografisk høyrer området til Møre og Trøndelags kystskog-region (region 39, iflg. NUB 1977-34). Denne regionen er bl.a. prega av:

- blandingsskog furu/bjørk, noko som dominerer opp til ca. 400 m o.h. på Meisalstranda og opp til ca. 500 m ved Grytneselva.
- myrer, særleg bakkemyrer, det er det mykje av over tregrensa, bl.a. mesteparten av Meisalfjellet.
- glissen furuskog som skoggrensedannar på myr, dette finn ein typisk på Meisalfjellet.


Samstundes har området eit alpint preg i søraust, bl.a. Sandviksbotn, her finn vi vestlege utløparar frå sentrale høgfjellsmassiv (Søndre skandinaviske fjellregion, underregion Møretindane, eller region 35 e i NUB 1977-34).



Figur 1. Kart over Meisalvasvatnet som viser delfelta. Eventuell overføring av Grytneselva er innteikna. 1:50 000. Utarbeidd av Høstmarks ingeniørkontor.



Figur 2. Meisalvatnet ligger på et platå ca. 600 m o.h. Bildene (360°) viser området fra Ø-S-V-N-Ø.  
Nederste bilde viser Kvernsetvatnet. Foto: K. Bevanger



Figur 2, forts. Bildene viser Meisalvatnet.

Foto: K. Bevanger

### Tidlegare naturinngrep

Meisalvatnet er frå før regulert med ei låg demning ved utlaupsosen, reguleringshøgde 1,75 m, vidare ein kanal som overfører Fredsvikelva til Kvensetvatnet og vidare i naturleg bekk til Meisalvatnet. Meisalelva renn fritt ned til ca. 270 m o.h., og går så i rør ned til den gamle kraftstasjonen ved Meisal. Det går traktorveg frå grustaket i Fredsvika opp til Meisalvatnet.

Rundt Meisalvatnet er det ca. 30 hytter og ved Fredsviktjønnene ei fiskarbu.

I felt 3, Sandviksbotn, er det ikkje hytter. Lenger nede er det eit par nedlagte setre på kvar side av Grytneselva.

Størstedelen av terrenget blir brukt som sauebeite.

### Kraftutbyggingsplaner

Dei føreliggjande planene frå Høstmarks Ingeniørkontor inneheld ulike alternativ og kombinasjonar av desse:

1. Damreparasjon utan stasjonsending
2. Alt. 1 + HRV 1 m opp
3. Alt. 1 + Ny stasjon - full fallhøgde
4. Alt. 3 + HRV 1 m opp
5. Alt. 3 + Grytneselva overført
6. Alt. 5 + HRV 1 m opp
7. Alt. 6 + LRV 1,75 m ned
8. Alt. 6 + LRV 3,0 m ned.

## ORNITOLOGISKE REGISTRERINGAR

### Metodar og materiale

Feltarbeidet er utført i perioden 13.7-5.9. 1982 ved linjetaksering og kvalitative registreringar. Linjetaksering inneber at ein går i terrenget og prøvar å telja par/territorium/kull/enkeltobservasjonar av ulike fugleartar ca. 50 m til kvar side av den ruta ein følgjer. Nærare omtale av metodar kan ein finna hos Bevanger (1978,1981).

### Resultat

Resultata frå linjetakseringane er sett opp i tabell 1 (skog) og tabell 2 (myrar og snaufjell). Tabell 3 viser artsoversikt for fugl. Oversikta er følgd av nærmare omtale av ein del artar.

Tabell 1a. Lijetakseringar i blandingsskog furu/bjørk på Meisalstranda, mest langs traktorvegen opp frå Fredsvika. Antal registreringar, i parentes relativ tetthet i %. Taksert 13.7 - 15.8.1982 i tidsromma kl. 10-12 og kl. 16-19.

Bjørkfink	1(1,1)	Linerle	3(3,2)
Blåmeis	5(5,3)	Lauvsongar	12(12,8)
Bokfink	2(2,1)	Låvesvale	1(1,1)
Buskskvett	1(1,1)	Måltrast	2(2,1)
Dompap	2(2,1)	Orrfugl	2(2,1)
Granmeis	4(4,3)	Raudstrupe	1(1,1)
Grønsisik	7(7,4)	Raudvengtrast	4(4,3)
Gråfluesnappar	7(7,4)	Sandsvale	2(2,1)
Gråsisik	16(17,0)	Sivspurv	1(1,1)
Gråtrast	5(5,3)	Stjertmeis	1(1,1)
Gulsongar	1(1,1)	Svartkvit	1(1,1)
Fuglekonge	1(1,1)	Svartmeis	1(1,1)
Jamspurv	1(1,1)	Svarttrast	2(2,1)
Kjøttmeis	1(1,1)	Taksvale	2(2,1)
Kråke	1(1,1)	Toppmeis	1(1,1)
		Trepiplerke	3(3,2)
		Totalt antal reg. (sum %)	94(100,3)
		Antal artar	31
		Antall minutt taksert	185

Tabell 1b. Linjetaksering i blandingsskog furu/bjørk langs Grytneselva, om ettermiddagen 29.7.1982, ca. 60 minutt.

Blåmeis	1
Dompap	1
Grønsisik	1
Gråtrast	1
Lauvsongar	2
Raudstrupe	2
Trepiplerke	2
Tårnseglar	<u>1</u>
Sum	11



Tabell 2. Linjetakseringar på snaufjellet. Antal registreringar og relativ tetthet i %, det siste berre utrekna for Meisalfjellet

	Meisalfjellet (13.7-15.8)	Sandviksbotn (29.7)
Bergand	1(0,5)	
Fjellrype	1(0,5)	
Heilo	23(11,7)	2
Heipiplerke	103(52,6)	21
Lappspurv	3(1,5)	
Linerle	7(3,6)	
Lirype	8(4,1)	
Lauvsongar	4(2,0)	
Ramn	3(1,5)	
Ringtrast	2(1,0)	3
Raudstilk	10(5,1)	
Sandlo	2(1,0)	
Sildemåse/Svartbak	1(0,5)	
Snøspurv	1(0,5)	
Steinskvett	18(9,2)	6
Strandsnipe	4(2,0)	1
Temmincksnipe	2(1,0)	
Vipe	3(1,5)	
<hr/>		
Totalt antal reg. (sum %)	196(99,8)	33
Antal artar	18	5
Antal minutt taksert	610	120

Tabell 3. Fuglearter observert i Meisalvassdraget og Grytneselva sitt nedbørfelt.

A eller a - ingen ting tyder på hekking

B eller b - muleg hekking

C eller c - sannsynleg hekking

D eller d - påvist hekking, funn av reir, egg eller ungar

Stor bokstav: Observasjonar gjort av John Bjarne Jordal (JBJ)  
eller Kjetil Bevanger (KB)

Liten bokstav: Observasjoner gjort av John B. Fredsvik (JF)  
eller Bjarne Svendsli (BS)

\* - arten er nærare omtala i artskommentarane

Lom sp.	a*	Nøtteskrike	a*
Gråhegre	a*	Kråke	C
Gås sp.	a*	Ramn	C
Stokkand	a*	Fossefall	b
Bergand	A*	Gjerdesmett	b
Svartand/sjøorre	a*	Jarnspurv	C
Hønsehauk	B*	Lauvsongar	C
Spurvehauk	a	Gransongar	C
Kongeørn	A	Fuglekonge	B
Jaktfalk	a*	Svartkvit	C
Småfalk sp.	a*	Gråfluesnappar	D
Lirype	D*	Buskskvett	C
Fjellrype	D*	Steinskvett	D
Orrfugl	D*	Raudstrupe	C
Storfugl	d*	Blåstrupe	a
Sandlo	C*	Gråtrast	D
Heilo	C	Ringtrast	C
Vipe	C*	Svarttrast	C
Temmincksnipe	C*	Raudvengetrast	C
Raudstilk	C	Måltrast	C
Strandsnipe	C	Stjertmeis	B
Rugde	B	Granmeis	C
Enkeltebekkasin	a*	Toppmeis	B
Fiskemåse	a	Svartmeis	B
Sildemåse/svartbak	A*	Blåmeis	C
Ringdue	C	Kjøttmeis	C
Gauk	c	Spettmeis	a
Hubro	b	Gråspurv	b
Kattugle	b	Bokfink	C
Flaggspett	a	Bjørkfink	C
Sandsvale	C*	Grønssisik	C
Låvesvale	B	Gråsisik	D
Taksvale	D	Dompap	B
Trepiplerke	C	Gulspurv	a*
Heipiplerke	D	Sivspurv	A
Linerle	D	Lappspurv	B*
Stare	C	Snøspurv	D
Skjor	C		

Kommentarer til artslista

Alle datoar gjeld 1982.

Observatørar:

BS - Bjarne Svendsli, Eidsøra

JBj - John Bjarne Jordal, Jordalsgrenda

JF - John B. Fredsvik, Eidsøra

KB - Kjetil Bevanger, Trondheim

Lom sp.: Sett i Meisalvatnet mange gonger tidlegare år (JF, BS), sist 2981 (BS).

Gråhegre: Sett tilfeldig i Meisalvatnet (BS).

Gås sp.: Flokkar av "grågås" er sett mange gonger om hausten på Meisalvatnet (BS).

Stokkand: Sett i Meisalvatnet, ikkje hekkeindikasjon (BS).

Bergand: 1 ♂ i utløpsosen, Kvensetvatnet 17.7. (JBj).

Svartand  
Sjørre: Svarte ender er sett i Fredsviktjønnene (JF).

Hønsehauk: 1 varslende ind. vart sett sommaren 1982, nærare opplysingar blir ikkje gjevne her (JBF).

Jaktfalk: Sett få gongar på fjellet (JF, BS).

Småfalk sp.: Sett av og til på Meisalstranda, seinast i haust (BS)

Lirype: Bestanden ser ut til å vera bra no (JBF, BS), mange kull sommaren 1922. Rørgatetraseen mot Kallset berører bra rypeområde under Eidshaugen.

Fjellrype: 1♀ + 4 juv. Sandviksskaret 29.7. (JBF).

Orrfugl: Bestanden er no truleg større enn han har vori dei siste 30-40 år (BS).

Storfugl: Som for orrfugl.

Sandlo: 1 par varsla nedafor demninga ved Meisalvatnet 13.7. (KB) og 21.7. (JBj).

Vipe: 1 par varsla sterkt vest for Kvensetvatnet 17.7. og 29.7. (JBj).

Temmincksnipe: 1 ind. varsla intenst vest for Kvenstadvatnet 17.7. , sett også 29.7. (JBj).

Enkeltbekkasin: Er sett på Meisalfjellet, seinast i vår (BS).

Sildemåse/svartbak: 1 ind. har vore fast gjest fleire somrar (BS), sett på langt hald 29.7. (JBj).

Sandsvale: Hekkar truleg i grustaket ved Fredsvika (JBJ).

Nøtteskrike: Blir sett av og til på Meisalstranda, opptil 10 ind.  
sett samtidig (BS).

Gulspurv: Finst på Meisalstranda om vinteren (BS).

Lappspurv: 1♀ 13.7. (KB, JBF), 1♂-farga ind. 29.7. (JBJ), begge obser-  
vasjoner ved høgda mellom Kvensetvatnet og Meisalvatnet.  
1 ind., truleg ad. ♀, leita mat på dei tørrlagte strandflatane  
ved demninga i Meisdalvatnet 15.8. (JBJ).

## DISKUSJON OG KONKLUSJONAR

### Kvantitative registreringar

Dei linjetakseringar som er gått, har avgrensa verdi ved samanlikning med andre vassdrag, dette gjeld i stor grad skogsamfunna, i mindre grad sanufjellet. Hovudårsaka til dette er at takseringar bør utførast om våren, særleg i skog, skogtakseringane er vidare utført i ein periode på dagen da fuglane ikkje er mest aktive. På snaufjellet er aktiviteten mindre avhengig av tid på døgnet, og oppdagingssjansane meir avhengige av veret.

Tabellane 1 og 2 gjev likevel eit inntrykk av korleis fuglefaunaen er sammansatt, Hovudinstrykket er at både skogssamfunna og heisamfunna på fjellet er ordinære og lite spesielle. Sjå "Vurdering av ulike delfelt" nedafor for meir detaljert informasjon.

### Kvalitative registreringar

To forhold er særleg viktige når fuglefaunaen innafor eit avgrensa område skal vurderast:

1. Omfanget av undersøkingane.
2. Arealet av området.

Artsantal og påvist økologisk mangfold vil auka med aukande areal og aukande innsats i form av feltarbeid (Bevanger og Jordal 1981, s. 81-83). Meisalvassdraget er lite i utstrekning og undersøkingane har vore kortvarige og overflatiske. Talet på observerte artar under feltarbeidet var såleis berre 52. Intervju av lokalkjende personar har gjeve opplysingar om 23 artar i tillegg til dette.

Forfattaren av denne rapporten er fødd og oppvaksen i Jordalsgrenda, berre 6-8 km unna Meisalstranda. Jordalsgrenda liknar på Meisalvassdraget i storleik og samansetting av naturtypar. Men fordi området er mykje betre undersøkt gjennom mange år, er talet på observerte fugleartar her ca. 109 (Jordal upubl.). Derfor vil også ei eventuell grundig undersøking av Meisalvassdraget nokså sikkert bringa for dagen eit mangfold som ikkje går fram av denne rapporten.

## Vurdering av ulike delfelt (sjå figur 1)

### 1. Meisalvatn, Kvensetvatn og Jøtulvatn

Våtmarksområde finst særleg mellom dei tre vatna, og ved utløpet av Kvensetvatnet. Karakterart i myr og bekkedrag er raudstilk. Vi har her å gjera med ei artsfattig utforming av myr/våtmarks-samfunnet (Bevanger 1977). Av særleg interesse er ei svært våt myr vest for Kvensetvatnet (MQ 582588 i UTM-koordinatar) der temmincksnipe og vipe vart sett. Denne myra har dermed ein viss verdi i ornitologisk sammenheng. Temmincksnipa er ein lite vanleg våtmarksart som har si næraste forekomst i Dovretraktene, Grøvvassdraget, Sunndalsøra, Surnadalsøra, Reinsvatnet og Aursjøen (Haftorn 1971, s. 242 og 825, Bevanger og Jordal 1981, Baadsvik og Bevanger 1978). Meisalvassdraget er ein av dei vestlegaste lokalitetar i fylket med hekkeindikasjonar.

Heisamfunnet eller piplerkesamfunnet (Bevanger 1977) er ordinært, med unntak av lappspurv, som i Sør-Norge høyrar heime som spreidd rugefugl i sentrale fjellstrøk. Meisalvassdraget er utafor det ordinære hekkeområdet for arten (Haftorn 1971).

I grusområdet ved demninga i Meisalvatnet vart det sett sandlo, ein art som heller ikkje er særleg vanleg i distriktet.

Berg og urer hyser ringtrast, steinskvett, fjellrype og snøspurv, dette er vanlege og typiske artar.

### 2. Fredrikselva sitt nedbørfelt, overført del.

Heisamfunnet dominerer og er av lita interesse. I Fredsviktjønnene er det sett ender, bl.a. svarte ender (John B. Fredsvik).

### 3. Sandviksbotn

Også her ser det ut til å vera mest ordinære heisamfunn.

### 4. Meisalelva

Området langs elva består øvst av fuglefattige myrar, lenger ned av blandingsskog furu/bjørk med innslag av andre lauvtre. Skogen langs elva

er svært dårleg undersøkt, men det er liten grunn til å tru at han er vesentleg meir interessant enn skogen langs skogsvegen fra Fredsvika, som er ei ordinær utforming av blandingsskogsamfunnet (Bevanger 1979).

## 5. Grytneselva

Området har øvst mot Sandviksbotn artsfattige myrar og bjørkekratt, i nedre deler er det ein storvaksen, brattlendt og uberørt furuskog som er for dårleg undersøkt til at ein kan seia noko vesentleg om eventuell ornitologisk verneverdi.

### Vurdering av inngrep ved kraftutbygging

Etter dei framlagte alternativa skulle det vera tale om følgjande ny-inngrep i området (jfr. figur 1):

1. Meisalvatn, HRV 1 m opp
2. Meisalvatn, LRV 1,75 m ned
3. Meisalvatn, LRV 3,0 m ned
4. Ny stasjon på Kallset med ny rørgate
5. Overføring av Grytneselva
6. Anleggsvegar, beltetraffikktraséar (uklart punkt)

1. - 3. Meisalvatn, HRV 1 m opp, LRV 1,75 m eller 3.0 m ned

Desse inngrepa vil truleg få små konsekvensar for fuglelivet i området. Strandsonen er alt regulert, og kan ved nedtapping tena som matleitingsområde for enkelte artar. Ved større reguleringshøgde kan det som er att av næringsdyr i strandsona bli borte.

Det er fare for at bl.a. temmincknipe og sandlo kan slå seg ned på strendene om våren når magasinet er nedtappa. Eventuell hekking kan da bli mislykka år etter år dersom fylling av magasinet overfløymer reira før klekking (jfr. Baadsvik og Bevanger 1978).

4. Ny stasjon på Kallset med ny rørgate

Rørgata går øvst gjennom artsfattige myrer, lenger ned gjennom

gode område for lirype. I skogen går traséen gjennom orrfugl- og storfugl-område, truleg vil den også berøra spelplassar for dei sistnemnde artane iflg. Bjarne Svendsli. Sjølve kraftstasjonen kan neppe få skadeverknad for fuglelivet.

#### 5. Overføring av Grytneselva

Både inntaket i Sandviksbotn og utløpet ved Jøtulvatnet ligg i heisamfunn som er fattige på fugl, og skadeverknader vil truleg her bli ubetydelege.

#### 6. Anleggsveggar og beltetraffikktrasèar

Slike trasèar er ikkje innteikna. Frå eit fuglevernspunkt er det ønskeleg at køyring blir lagt utanom myra MØ 582588 vest for Kvensetvatnet. Ein vil tru at denne myra er lite aktuell for transportformål, både fordi ho er blaut, og fordi ho ligg til side for sannsynlege transportruter. Ellers vil anleggsvegane truleg ha begrensa verknader på fuglelivet. I anleggstida vil det nok bli ein del forstyrring av hekkinga uansett kvar traseane blir lagt. Veg langs planlagt rørgate til Kallset vil kunne få uheldige følgjer for lirype, orrfugl og storfugl.



## SAMANDRAG

Meisalvassdraget i Nesset kommune, Møre og Romsdal, er tidlegare regulert. I samband med planer om vidare kraftutbygging er det utført 7 dagar ornitologisk feltarbeid i tida 13. juli - 5. september 1982. Undersøkinga er ikkje fullverdig sidan det ikkje vart utført feltarbeid om våren. Det er likevel muleg å seia ein del generelt om fuglelivet i området, og om mulege verknader av dei planlagte nyinngrepa.

Området høyrer naturgeografisk til Møre og Trøndelags kystskog-region og har som dominerande naturtypar blandingsskog furu/bjørk, myrvar, vatn, heiar og blokkmark opp til høgste punkt ca. 1300 m o.h..

Dei ornitologiske registreringane er dels basert på linjetaksering, forutan, reint kvalitative registreringar frå faste punkt i terrenget. Det er taksert ca. 4 timar i skog og ca. 12 timar på snau-fjellet.

Skogane er så langt resultatviser nokså ordinære. Det same gjeld dei andre naturtypane med unntak av eit myrområde (MQ 582 588) ved Kvensetvatnet der temmincksnipe og vipe viste åtferd som indikerte hekking. Nemnast bør det også at lappspurv og sandlo vart observert ved Meisalvatnet under forhold som tyda på hekking.

Dersom ein sparar det nemnte myrområdet for anleggstrafikk, vil truleg ikkje dei planlagte naturinngrepa ha vesentleg skadeleg innverknad på fuglelivet bortsett frå forstyrring i anleggsperioden.

Ny rørgate til Kallset vil truleg få større skadeverknader for rype og skogsfugl enn rør langs Meisalelva til noverande kraftstasjon.

## LITTERATUR

- Bevanger, Kjetil. 1977. Proposal for a new classification of Norwegian bird communities. *Biological Conservation* 11: 67-78.
- 1978. Fuglefaunaen i Kobbelvområdet, Sørfold og Hamarøy kommuner. Kvantitative og kvalitative registreringer sommeren 1977. *K. norske Vidensk. Selsk. Mus. Rapport Zool. Ser. 1978-6*: 62 s.
  - 1979. Fuglefaunaen og ornitologiske verneverdier i Hellemo-området, Tysfjord kommune, Nordland. *Ibid.* 1979-8: 122 s.
  - 1981. Fuglefaunaen i Gaulas nedbørfelt, Sør-Trøndelag og Hedmark. *Ibid.* 1981-1: 156 s.
- Bevanger, Kjetil og John Bjarne Jordal. 1981. Fuglefaunaen i Drivas nedbørfelt, Oppland, Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag fylker. *Ibid.* 1981-7: 145 s.
- Baadsvik, Karl og Kjetil Bevanger. 1978. Botaniske og zoologiske undersøkelser i samband med planer om tilleggsregulering av Aursjøen; Lesja og Nesser kommuner i Oppland og Møre og Romsdal fylker. *Ibid.* 1978-13: 44 s.
- Haftorn, Svein. 1971. *Norges fugler*. Universitetsforlaget, Oslo 862 s.
- Naturgeografisk regioninndeling av Norden. *NU B 1977-34*: 137 s.



ISBN 82-7126-329-3

ISSN 0332-8538